

Tørsåsløa 20.03.11- Mt. 15,21-28. Den kanaaneiske kvinnen.

Så dro Jesus derfra og tok veien til områdene omkring Tyros og Sidon. En kanaaneisk kvinne fra disse traktene kom og ropte: «Herre, du Davids sønn, forbarm deg over meg! Min datter blir hardt plaget av en ond ånd.» Men han svarte henne ikke et ord.

Disiplene kom da og ba ham: «Bli ferdig med henne, hun roper etter oss.» Men han svarte: «Jeg er ikke sendt til andre enn de bortkomne sauene i Israels hus.»

Da kom hun og kastet seg ned for ham og sa: «Herre, hjelp meg!» Han svarte: «Det er ikke rett å ta brødet fra barna og gi det til hundene.»

«Det er sant, Herre,» sa kvinnen, «men hundene spiser jo smulene som faller fra bordet hos eierne deres.» Da sa Jesus til henne: «Kvinne, din tro er stor. Det skal bli som du vil.» Og datteren ble frisk fra samme stund.

Kor langt kan vel ikkje born ta ut tross og tålmodigheit for det dei vil oppnå? Det veit eg alt om. Dei har ei utruleg evne til å jobbe målretta – slik som ei jente eg kjente då ho var lita: Ho visste heilt sikkert at faren køyrde henne på bensinstasjonen for å kjøpe godteri, berre ho masa lenge nok. Og slik var det. Men det kunne gjerne ta ein halv time og meir med intenst arbeid.

Foreldre er vel heller ikkje så ulike, om det er helsa til borna som er saka. Er det noko gale med borna våre, finst det vel ikkje grenser for kva me kan mobilisere av ambulanser eller dokterar, healarar eller andre spesialistar.

Kva så – med henne som blir kalla for kananeisk kvinne? Ho er mor, og ho er mor så til fulle at ho masar og masar og masar – og gjer det bokstaveleg talt til feil adresse. Ho er heidning, må vita. Og Jesus er jøde. Enn så lenge var ikkje det heilt rette kombinasjonen, mildt sagt. Men så blir det lell.

For henne, dette kanaaniske kvinnemennesket av ei mor, vart det heilt feil å melde seg til Jesus med det ho hadde av naud for dotter si. Det veit ho som er mor – og det veit han som er sendt – som han seier sjølv – til dei bortkomne sauene i Israels hus.

For å gjera ei lang historie kort, så hadde Jesus jobben sin blant det folket han sjølv kom ifrå. Fyrst seinare, etter påske og alt som skjer då, og etter pinsa med sin tydelege beskjed om at ordet om Jesus skal ut over alt, gjeld det blant alt folk – inklusive oss som aldri var i nærleiken av å ha Abraham som stamfar.

Det hender eg undres: Opplever rindalingane med sitt mangfold av stam-mødre seg sjølv som dette kvinnemennesket av ei heidningekvinne? Har de den heidenske sjølvkjensla, som gjer at de ikkje torer å henvende dykk til Jesus anna enn i det ytterste nødsfall?

Slik at når alt anna er prøvd av tradisjonell eller alternativ medisin og terapi, så kan ein kanskje prøve seg hos Jesus likevel?

Eg undres om det kanskje vore enklare å henvende seg til Jesus om det hadde kosta noko. Om det hadde kosta eit advokat-honorar per konsultasjon, for eksempel.

Men så er det det irriterande enkle med Jesus at han ikkje skal ha betaling eller gjengjeldelsar for det han gjer for oss. Han stiller profesjonelt nok med all sin ekspertise til eikvar tid av døgeret og eitkvart stadium av livet – og han gjer det gratis.

Og faktisk var dette gratis-prinsippet det aller viktigaste. Det er vel difor det så godt heiter som det gjer: Alt av nåde.

Det hender me får våre sår og skrammer. Tyngdekrafta i kropp og psyke er det lite me kan gjera noko med. Snart nok kjem tida

me ikkje kan prestere meir enn våre eigne behov – vår eiga bøn.

Og då er det om-gjort at me veit kvar me skal sende den, kvar me har den hjelpa å finne som me treng mest av alt både i liv og død.